



Statens vegvesen

Lindås kommune
Byggesak
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
07. 03. 2014	
Art. saknr.	Løpnr.
Bekr.	Tilgangsmode

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Odd Høydalsvik - 55516377

Vår referanse:
2010/249905-008

Dykkar referanse:
14/903 - 14/4206

Vår dato:
04.03.2014

Søknad om dispensasjon på høyring - gnr. 134 bnr. 263 - Rundkjøring på Hilland i Lindås kommune

Vi viser til Dykkar brev av 27.02.14 med søknad om dispensasjon frå rekkjefølgjekravet om opparbeiding av rundkøyring på Hilland før utbygging av 3 einebustader på eigedomen gnr. 134, bnr. 263 i Lindås kommune. Vi viser og til kopi av Dykkar brev til Reknes Byggjevarer LL av 28.02.14.

Lindås kommune har gjeve rammeløyve for oppføring av 3 einebustader på gnr. 134, bnr. 263 under føresetnad av opparbeiding av regulert rundkøyring i krysset på Hilland. Statens vegvesen har i vårt brev av 06.02.14 til Reknes Byggjevarer LL gjeve ei førebels tilbakemelding på forholdet rundt ein mogeleg dispensasjon frå rekkjefølgjekravet.

Den aktuelle rundkøyringa på Hilland er eit av prosjekta som er med i framlegget til «Nordhordlandspakken» som skal finansierast med bompengar. Det er von å få vedteken denne avtalen om bompengar som skal finansiere fleire prosjekt i Nordhordland. Bygging av rundkøyringa på Hilland kan då verte realisert innan rimeleg tid.

Det er ikkje gjennomført arbeid med detaljplanlegging av rundkøyringa, og det er difor enno uklart i kva grad utbygging av dei 3 einebustadane vil kunne få av konsekvensar for etablering av rundkøyringa i ettertid.

Som det går fram av Dykkar brev av 28.02.14 til Reknes Byggjevarer LL vil plassering av avkøyrsla til bustad 1 vere i konflikt med godkjend reguleringsplan for rundkøyringa på Hilland. Det er og grunn til å tru at det kan vere fleire konfliktpunkt i grensesnittet mellom utbygginga av bustadane og utbygging av rundkøyringa.

Slik forholdet er no vil Statens vegvesen ikkje kunne tilrå Lindås kommune å gje dispensasjon frå kravet om opparbeiding av rundkøyringa før utbygging av bustadane.

Dersom Lindås kommune eller utbyggaren av bustadane ynskjer ei nærmare drøfting av spørsmålet om dispensasjon frå rekkjefølgjevilkåret om utbygging av rundkøyringa før utbygging av dei tre bustadane ber vi om at De tek ny kontakt med oss.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
Sindre Lillebø
seksjonssjef

Odd Høydalsvik
Odd Høydalsvik

Kopi: Hordaland fylkeskommune, Planseksjonen, Postb. 7900, 5020 Bergen
Reknes Byggjevarer LL, Selvåg, 5986 Hosteland